
Saksnr: 2020/79481-3
Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets - om berekraftig anleggsutvikling 2021 - 2024

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune teiknar samarbeidsavtale med Vestland Idrettskrets knytt til berekraftig anleggsutvikling i perioden 2021-2024.

Samandrag

FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for Vestland fylkeskommune si verksemd. Berekraftig anleggsutvikling er forankra i temaplan Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune (2020-2024) og i handlingsplan 2021 for kultur, idrett og inkludering.

Fylkeskommunen bidreg i ulike fasar til etablering og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane. I tillegg er det behov for kompetanseheving for arrangørar for å skape meir berekraftige idrettsarrangement. Avtalen med Vestland idrettskrets omhandlar innsatsområde og fellestiltak der målet er å saman bidra til å heve kompetansen gjennom felles tiltak og møteplassar mellom idretten sine organisasjonsledd, kommunar og fylkeskommunen.

Styret i Vestland Idrettskrets slutta seg til avtaleutkastet i sitt møte 15. februar i år. Dei uttalte at dette er eit viktig tiltak innanfor eit viktig utviklingsområde for idretten framover.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune er oppteken av berekraft og skal leggje FNs berekraftsmål til grunn for si verksemd. Ein har valt å gjere tydelege grep innan fleire sektorar knytt til å adressere klima- og miljøproblematikk. Eksempel på dette er elektrifisering av ferjer og vedtak om ein eigen plaststrategi. I avdeling for kultur, idrett og integrering vert det også arbeidd med denne problematikken, og eit eksempel på dette er samarbeidet ein har etablert med bl.a. NTNU/SIAT, Viken fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune knytt til prosjektet «KG2021», der føremålet er å utvikle kunstgrasbaner utan gummigranulat.

For å styrke arbeidet med berekraftig utvikling innan idrettsfeltet kan det vere nyttig for fylkeskommunen å samarbeide tettare med Vestland Idrettskrets om dette temaet. Organisasjonane samarbeider allereie på fleire felt, men ser likevel at det kan vere nyttig å samarbeide tettare og meir forpliktande når det gjeld berekraft.

Idrettskretsen har god oversikt og tett samarbeid med lokale idrettslag og klubbar, og har god fagleg kompetanse knytt til spesifikke anleggstypar innan ulike idrettar. Samtidig har fylkeskommunen eit tett samarbeid med kommunane i fylket, og har også god kontakt med statlege organ som Kulturdepartementet og Miljødirektoratet. I tillegg har fylkeskommunen ansvar for fleire ulike tilskotsordningar der berekraft er eitt av kriteriana som vert lagt til grunn. Eit tettare samarbeid med erfarings- og kompetanseutveksling mellom idrettskretsen og fylkeskommunen kan derfor bidra til å styrke kompetansen internt i begge organisasjonane, og vil kunne bidra til ei meir berekraftig utvikling innan idrettsfeltet i Vestland fylke.

Målsettinga med ei samarbeidsavtale mellom idrettskretsen og fylkeskommunen vil vere å bidra til ei meir berekraftig anleggsutvikling i avtaleperioden. FNs berekraftsmål vil ligge til grunn og skal implementerast i det strategiske arbeidet knytt til utvikling, etablering, rehabilitering og drift av idrettsanlegg i Vestland fylke. I avtalen er det sett opp fleire felles innsatsområder og tiltak som skal bidra til å nå målsettinga. Det er blant anna planlagt ulike kompetansehevande tiltak, tilrettelegging for ulike forskings- og utviklingsprosjekt, vidareutvikling av idretts- og aktivitetsanlegg, samt tiltak for å skape meir berekraftige idrettsarrangement.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Partane i avtalen stiller nødvendige administrative og økonomiske ressursar til rådvelde for oppfyljing av avtalen. I Vestland fylkeskommune sitt vedteke budsjett for 2021 post 460.101, berekraftig anleggsutvikling, er det avsett 400.000 kr. til dette arbeidet.

Klima:

Hovudmålsettinga er å påverke til ei meir berekraftig utvikling knytt til idrettsanlegg og idrettsarrangement i Vestland fylke. Dette kan styrke fylkeskommunen sitt arbeid med grøn omstilling.

Folkehelse:

Berekraftige idrettsanlegg og idrettsarrangement vil bidra til å skape helsefremjande møteplassar som kan vere viktige for folkehelsearbeidet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:

FN sine berekraftsmål er grunnlaget for samarbeidsavtalen med Vestland idrettskrets. Målet er å bidra til at berekraftsmåla i sterk grad vert lagt til grunn og implementert i det strategiske arbeidet på utvikling, bygging og drift av idrettsanlegg i Vestland.

Arbeidet er forankra i temaplan Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune (2020-2024) der det m.a. står; «det er ønskeleg å stimulere til ei berekraftig anleggsutvikling med fokus på klima- og miljøvenlege løysingar». I handlingsplan 2021 for kultur, idrett og inkludering, vedteken av fylkestinget i desember 2020 i PS 156/2020, er ordlyden i tiltaket følgjande; «Mobilisere og støtte kommunar og organisasjonar til ei berekraftig anleggsutvikling (bygging og drift)». Det er også tiltak knytt til berekraftig anleggsutvikling i plaststrategi for Vestland fylkeskommune, vedteken av fylkestinget i juni i PS 52/2020.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at Vestland fylkeskommune teiknar samarbeidsavtale med Vestland Idrettskrets knytt til berekraftig anleggsutvikling i perioden 2021-2024.

Eit tettare og meir forpliktande samarbeid med mål om å påverke til ei meir berekraftig utvikling av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, vil vere eit nyttig bidrag i arbeidet med å følgje opp berekraftsmåla i Vestland.